

BLYTTIA

NORSK BOTANISK FORENINGS TIDSSKRIFT



1949

NR. 2

OSLO

Innhold.

	Side
Benum, Peter: Andreas Notø. 18 januar 1865—21 august 1948	25
Magnusson, A. H.: Some New Norwegian Lichens. (Noen nye norske lavarter. Sammendrag)	29
Wendelboe, Per: Om slekten <i>Taraxacum</i> i Norge. (The Genus <i>Taraxacum</i> in Norway; Summary)	36
Småstykker:	
Reiersen, Johannes: Nyere plantefunn fra Lofoten—Vesterålen—Hinnøy. (New Finds of Plants in Lofoten—Vesterålen—Hinnøy; Summary)	44
Bokmeldinger	46
VII. Internasjonale Botanikerkongress, Stockholm 1950	52
Redaksjonen av <i>Blyttia</i>	52

Norsk Botanisk Forening.

Styre for 1949: Professor Trygve Braarud, formann; førstebibliotekar Peter Kleppa, sekretær; gravør Halfdan Rui, kasserer; universitetsstipendiat Eilif Dahl, dosent Oddvin Reisæter, lektor Ragna Søetorp.

Nye medlemmer tegner seg hos sekretæren, adresse Universitetsbiblioteket, Oslo, eller for Trøndelags vedkommende hos sekretæren i lokalforeningen, Johs. Reiersen, Byåsveien 54 B, Trondheim. Kontingenten er kr. 10,00 pr. år, for husstandsmedlemmer og studenter kr. 2,50; disse får ikke tidsskriftet.

Blyttia.

Redaktør: professor Ove Arbo Høeg.

Redaksjonskomité: Lektor Gunnar A. Berg, disponent Halvor Durban-Hansen, førsteamanuensis Georg Hygen, førstebibliotekar Peter Kleppa.

Blyttia utgis av Norsk Botanisk Forening og utkommer ordinært med 4 hefter om året. Foreningens medlemmer får tidsskriftet fritt tilsendt innen landet. Abonnementsprisen for ikke-medlemmer er kr. 12,00 pr. år, fritt tilsendt innen landet. Henvendelser om abonnement, annonser m. v. rettes til *Blyttias* forretningsfører, cand. mag. Finn Eckblad, Josefinegt. 21, Oslo.

Andreas Notø.

18 januar 1865 — 21 august 1948.

Andreas Notø døydde i Bodø 21 august 1948, og redaktøren for »Blyttia« har bedt meg skrive nokre minneord om han. Det gjer eg gjerne.

Han var fødd i Eivindvik i Sogn 18 januar 1865, tok lærar-eksamen i Tromsø 1888, var lærar i ymse bygder her nord til i 1896, då han vart tilsett som lærar på øvingsskulen ved Tromsø lærarskule. I 1909 vart han skulestyrar i Levanger og frå 1920 i Bodø.

Notø fortel sjøl at det var naturfaglæraren hans på lærarskulen, seinare rektor Qvigstad, som vekte interessen hans for plantane, og gav han den første rettleidinga. Faktisk var vel det all den skuleopplæring som Notø fekk i botanikk. Sidan måtte han lære seg sjølv.

I 1893 kom han i samband med dåverande konservator ved Tromsø Museum, Gustaf Lagerheim. Der fekk han noko rettleiding i å samle plantar, og kveik til å halde fram med dette. Lagerheim sette han og i samband med utanlandske botanikarar, slik som A. Kneucker i Karlsruhe, såleis at han vart med og samla materiale til ekssikatverket hans over europeiske Carices.

Då Lagerheim vart professor i Stockholm og reiste frå Tromsø i 1895, vart det Notø som etter kvart kom til å stelle med den botaniske samlinga her ved Museet, samtidig som han fekk litt pengar til å reise for i sommerferiane for å studere floraen og samle plantar. Kvar einaste sommar frå 1900 var han ute, og det var ikkje lite plantar her frå Troms fylke han hadde samla og lagt inn i herbariet her då han reiste frå byen. Etterpå heldt han fram med dette arbeidet kvar sommar både her nordpå og i Trøndelag. Siste året han var ute og samla plantar var i 1941.

Han hadde litt tilskott til granskingsreisene sine, først frå Tromsø Museum, sidan frå Vitenskapsselskapet i Trondheim, og dei siste åra 2—300 kroner frå Nansenfondet. Men at han miste dette vesle stipendet først i 30-åra, tok han seg svært nær av, og det kan ein